



## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske formannskap	19.09.2022	095/22

### **Akvakultursøknad for makroalgar i sjø på lokalitet Hamnøya Sør i Giske kommune Nordi Ocean AS**

#### **Innstilling:**

Giske formannskap legg søknaden for makroalgar i sjø på lokalitet Hamnøya Sør i Giske kommune ut til offentlig ettersyn i 4 veke.

#### **19.09.2022 Giske formannskap**

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

#### **F- 095/22 Vedtak:**

Giske formannskap legg søknaden for makroalgar i sjø på lokalitet Hamnøya Sør i Giske kommune ut til offentlig ettersyn i 4 veke.

#### **Vedlegg:**

Akvakultursøknad for makroalgar i sjø på ny lokalitet Hamnøya Sør i Giske kommune  
Nordi Ocean AS org.nr. 918 442 227- Akvakultursøknad for makroalgar i sjø på ny lokalitet  
Hamnøya Sør i Giske kommune

3. NORDI Notat vurdering Hamnøya Sør
8. Depositum bekræftelse Sparebanken Møre
- Følgebrev søknad om klarering Hamnøya Sør
1. Skjema-akvakultur-Hamnøya Sør
2. Kvittering gebyr akvakultursøknad Hamnøya Sør

4A. Strømrappport-Hamnøya Sør-Åkerblå  
4B. Notat Vannprøver Nordi Ocean AS 2022  
6. ASWM Anleggsskisse og illustrasjoner  
Nordi Ocean konsesjon - Hamnøya Sør III  
Fortøyningsplan II Hamnøya Sør ASWM  
Utsnitt av planområdet ved Hamnøya med djupnekoter  
2.3 Kart Valderøya (472817)  
3.3 Appendiks Valderøya - oversikt - detaljar (417591)

#### **Saksutgreiing:**

Nordi Ocean AS (NORDI) søker om klarering av ny lokalitet Hamnøya Sør i Giske kommune.

På overflata vil systemlenkene opptar 180 daa, systemlenkene vil bli plassert innafør arealet som er sett av til akvakultur (NFFFA 1) i kommuneplanen sin arealdel (vedtatt 2018). Det er lagt opp til sikringssone tilsvarande akvakulturdriftsforskrifta, dvs. 20 m ferdsel forbod (avmerka gult i kartet) og 100 m fiskeforbod (avmerka grønt i kartet) målt frå anlegget i overflata. I søknaden til Fiskeridirektoratet søker NORDI om ein årleg kapasitet på 4000 tonn butare og ser for seg ein 3-årig utbyggingsplan. Fortøyningsplan viser at det totalt er planlagt for 24 anlegg fordelt på 5 systemlenker. I 2023 er det planlagt å etablere 8 anlegg.

Søklar viser til føresegn i kommuneneplanen sin arealdel 2018-2030;  
3.5.9) Akvakulturanlegg (på/i vassøyla og sjøbotnen) (AK-område)

*«I desse områda kan det etablerast anlegg for akvakultur. Samla merdvolum og /eller tal på anlegg innan kvart område vert fastsett gjennom konsesjonshandsaming etter akvakulturlova. Anlegg kan strekkje fortøyningar og forankringar ut i areal utanfor avsett til akvakulturområde, under føresetnad av at forankringa har tilstrekkeleg djupne, og ikkje er til hinder for skipsfart, ferdsel på sjø og fri ferdsel langs strandsona».*

Møre og Romsdal fylkeskommune har vurdert søknaden som komplett, men gjer merksam på at det kan bli bede om meir informasjon. Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal behandlast etter kap. 3 Vurdering om planar eller tiltak skal etter § 8 krev konsekvensutgreiing (§§ 9-12). Etter fylkeskommunen si vurdering er det ikkje naudsynt med tilleggsutgreiingar og dei sender søknaden til behandling hos sektormyndigheiter og Giske kommune. Dersom sektormyndigheitene meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader og det ikkje er tilfredsstillande utgreidd i søknaden må det meldast til fylkeskommunen innan 4 veker (22.09.2022). Det skal konkretiserast kva forhold som skal belysast nærare.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at Giske kommune legg søknaden ut til offentleg ettersyn i 4 veker. Etter at søknaden har vore lagt ut til offentleg ettersyn ber fylkeskommunen Giske kommune om å gi uttale om søknaden er i samsvar med kommunale planar og interesser. Kommunen sin uttale skal saman med innkomne merknadar sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune seinast 12 veker (14.11.2022) etter at søknaden er mottatt.

## Heimelsgrunnlaget

Forskrift om konsekvensutgreiingar kap. 3 Vurdering om planar eller tiltak etter §8 krev konsekvensutgreiing (§§ 9-12).

### Økonomiske konsekvensar:

Behandlingsbegyr, ellers ingen kjende.

### Vurdering:

Området som anlegget opptar på sjøoverflata er innafor området NFFFA (område for natur, friluftsliv, ferdsel, fiske og akvakultur) i kommuneplanen sin arealdel. Av ankringsplanen kan ein sjå at langsgåande fortøyningar i nordaustleg og nordvestleg retning går i sjøen til dels langt utanfor arealet som på overflata er sett av til akvakultur. I sørvest er arealformålet framtidig farled iflg. kommuneplanen. I nordaust går anker inn i sjøareal for Ålesund kommune. Marine grunnkart dekkjer ikkje dette sjøarealet slik at ein har ikkje kunnskap til å vurdere naturmangfaldet her. Arealet rundt Hamnøya har arealstatus NFFF (område for natur, friluftsliv, fiske og ferdsel). Bruk og vern av sjø vassdrag med tilhøyrande strandsoner.

Området har angitt omsynsson H\_530\_10, jf. Føresegn i kommuneplanen sin arealdel. Pkt. 4.2.3) Hovedomsyn friluftsliv Hsjø\_530\_#

- I sonene skal omsyn til friluftsliv, landskap og naturmiljø tilleggjast stor vekt ved spørsmål knytt til arealbruken, bygge- og anleggstiltak.
- Tiltak som bryt opp området, privatiserer/hindrar tilgjenge eller bruk til friluftsføremål skal unngåast.
- Byggetiltak innsfor sona skal dokumentere særleg omsyn til allment friluftsliv i strandsona og i sjø.

Iflg. friluftskartlegginga i 2016 er området rundt heile Hamnøya viktig utfartsområde for friluftsliv. (140 Kjeholmen) er viktig friluftsområde for aktivitet dykking og båtutfart og (141 Hamnøya/Uksebasen) verdsett som svært viktig friluftsområde for båtutfart og fiske. Djupnekart viser at mesteparten av dette området på sør-sida av hamnøya har ei djupne på under 20 m. Av ankringsplanen kan det sjå ut som om fleire anker går inn i det arealet som er kartlagt som viktig/svært viktig friluftsområde. Av omsyn til at dette er viktige friluftsområde for dykking og fiske bør ein justere plasseringa av planlagt anlegg slik at ein unngår konflikt, særleg med dykking og fiske. Slike område for friluftsliv er det ikkje mange av i kommunen eller i regionen.

Kommunedirektøren tilrår å legge akvakultursøknaden ut til offentleg ettersyn.